

Rettleiing til fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland 2016

Fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland skal velje ut sceniske innslag og utstillarar som skalrepresentere Hordaland under UKM landsfestivalen i Trondheim i juni. Dei som vert sendt vidare skal gi eit bilete av kvaliteten, mangfaldet og breidda av kulturaktivitetane blant ungdom i fylket.

UKM ønskjer å vere ein kanal for det mangfaldet som finst blant ungdom. Det er difor ikkje mogleg å nytte tradisjonelle konkurranseregler, der den eine er betre enn den andre. Ingen uttrykk er meir verdifulle enn andre – uansett. UKM rangerer ikkje uttrykk.

Deltakarane som vert sendt vidare til UKM landsfestivalen er ikkje "vinnarar". Dei går vidare fordi dei speglar mangfaldet av det unge kulturlivet i Hordaland.

UKM er heller ikkje ein "talentiade". Fagpanelet kan likevel ikkje unnlate å sjå på teknisk- og kunstnarisk kvalitet. Det er også naturleg å vurdere kvalitet i forhold til alder og andre føresetnadar.

Juryen skal gi ei positiv, fagleg vurdering av deltakarane sine produkt. I den grad det er mogleg skal og prosessen som ligg bak produktet vere med i vurderinga.

Det er eit ønskje frå UKM Hordaland at juryen gjer deltakarane ei skriftleg vurdering av arbeidet. Noko som kan gje dei mot og inspirasjon til å arbeide vidare. Derfor er det viktig å framheve dei positive eigenskapane som er vist ved framføring av deltakaren/gruppa sitt produkt.

Kriteria frå UKM Norge:

- Uttrykka som skal veljast ut skal i størst mogleg grad spegle aktiviteten i fylket.
- Det skal takast omsyn til det heilskaplege programmet under UKM-festivalen i Hordaland.
- Andre moment det må takast omsyn til er spreining i alder, kjønn og geografiske spreining i Hordaland.
- Minst halvparten av gruppemedlemmane i ei gruppe MÅ vere i alderen 13-20 år.
- Nye innslag vert prioritert framfor innslag som har deltatt på UKM landsfestivalen tidlegare.
- Kunstnarleg kvalitet vert vurdert etter formidlingsevne, originalitet og tolking.
- Teknisk kvalitet vert vurdert i forhold til deltakarane sine føresetnader.

Fagpanelet set seg inn i kva kriteria som bør leggjast til grunn for vurderinga. Fagpanelet blir einig om kva dei ønskjer å leggje særleg vekt på.

Fagpanelet gjer følgjande:

Skjema som fagpanelet skal fylle ut vert utdelt til kvart medlem i fagpanelet på USF. Når «produkta» vert presentert, noterer fagpanelet ned stikkord på dette. Skjemaet dannar grunnlag for den skriftlige tilbakemeldinga som utøvarane får.

Alle sceneinnslaga vert vist på scena i Røkeriet. Laurdag er det sceneprogram (framsyningane A, B og C) frå kl.13:00 til ca kl.19:00. Sondag er det sceneprogram frå kl.13:30 til ca kl.16:30 (framsyningane D og E). Det er lagt inn pausar mellom kvar framsyning som gir fagpanelet for sceneinnslag høve til å diskutere «produkta» og lage ei prioritert liste undervegs. Etter siste bolck, søndag 17.april, vil juryen få 1 time til å lage ferdig lista over innslaga dei meiner bør representere Hordaland under UKM landsfestivalen i Trondheim 24.-28.juni 2016.

Kunstutstillinga vert opna i Sardinien laurdag kl.15:00. Fagpanel for kunstutstillinga vil få høve å snakke med kunstdeltakarane i tidsrommet 14:30 – 15:00.

Filmframsyninga vert opna i Cinemateket søndag kl. 13:00. Fagpanel for film vil få høve å snakke med filmdeltakarane i tidsrommet 12:30 – 13:00.

Skjema for alle vurderingane vert levert til fylkeskontakten. Måndag 18.april startar fylkeskontakten ei ringjerunde til alle deltakarane som alle fagpanela har valt ut for å høyre om deltakarane har lyst og høve til å representere Hordaland under UKM – festivalen i Hordaland. Av omsyn til at det kan vere deltakarar / gruppar som ikkje har høve til å delta på UKM landsfestivalen i Trondheim, er det viktig at alle fagpanel setter opp ei liste med 1 - 2 personar / gruppar som kan erstatte den deltakaren / gruppa som ikkje kan delta i Trondheim.

Lista over deltakarane som skal representere Hordaland under UKM landsfestivalen i Trondheim vert publisert på www.ukm.no/hordaland onsdag 20.april.

UKM Hordaland sin kvote til UKM landsfestivalen:

Kvart fylke har ein kvote på **30 deltakarar og 3 leiarar**. Vi ønskjer at alle fagpanel set opp ei reserveliste i tilfelle vi får fråfall frå dei som har fått tilbod om å reise til UKM landsfestivalen.

Liste over Hordaland sin kvote er på neste side.

Kategori	Kvote	Total speletid	Merknad
Scene (musikk / dans / teater / litteratur)	Inntil 5 sceneinnslag	Inntil 25 min (5 * 5 min)	Maksimalt 2 band
Konferansier	1 person		Av omsyn til deltakaren sjølv må juryen velje den som allereie er rutinert konferansier. Lista bør setjast høgt her.
Film	Inntil 2 filmar	5 min for 1 film. Dersom total speletid på 2 filmar er inntil 6 minutt, er dette godteken å sende vidare til Trondheim	Film går utanom kvoten på 5 sceneinnslag.
Kunst	Inntil 4 kunstverk		Mindre seriar eller grupper som har vore presentert som ein heilskap på fylkesmønstringa vert godteken som eit verk

Det er viktig at prioriteringa vert gjort korrekt, og at disponibel scenetid på 25 min og kvoten på maks 30 deltakarar vert overhaldt.

Lukke til!

#javielskerukm